

## Distrikta gløymt i valkampen

Distriktsdebatten har forsvunne i valkampen, meiner valforskarar. Det mest aktuelle i valkampen har vore regjeringsspørsmålet, medan enkeltsaker har vore mindre viktige eller nærast heilt gløymt i valkampen. Distriktsdebatten er blant sakene som har vorte gløymt, meiner forskarane. – Konflikten mellom by og land har vore veldig lite diskutert. Problema med å halde på bygdebusettinga og landbruksaktiviteten har vore for lite i fokus, seier professor i statsvitenskap Anders Todal Jenssen ved NTNU til Nationen. Hanne Marthe Narud, professor i statsvitenskap ved Universitetet i Oslo, seier det same.

– Det har ikkje vore veldig mykje debatt om distrikts- eller samferdslesaker. Desse blir ofte litt stemoderleg behandla, seier ho. Ingen saker har skilt seg særleg ut, meiner professor Frank Aarebrot ved Universitetet i Bergen. (©NPK)

## Snart kan vi stemme på nettet

Ved kommune- og fylkestingsvalet om to år blir det opna for å stemme via internett for første gong her i landet. Ved valet i 2011 skal det blir mogleg for 200.000 personar i Noreg å delta i eit prøveprosjektet, opplyser NRK. Målet er at valdeltakinga skal auke ved at det blir lettare å gje frå seg stemme. Det meir langsiktige målet er at alle kan levere på nettet innan 2017, opplyser prosjektleiar Henrik Nore i Kommunal- og regionaldepartementet. Tidlegare i år har Nore opplyst til Computerworld at prosjektet, som heiter E-val 2011, skal eksistere parallelt med dagens papirbaserte val. (©NPK)

# Topp førelesarar til coachingkurs på Nordfjordeid

**Til våren blir det coachingkurs for leiarar over fire helgar på Nordfjordeid. Til kurset er det plukka ut førelesarar frå øvste hylle.**

Jan Spurkeland, tidlegare Statoil-leiar, er ein av dei fire som kjem til Nordfjordeid for å halde kurs i coaching og relasjonsleiing. Kurset er meint for leiarar, og skal gå over fire helgar frå midten av mars til midten av juni.

- Coaching blir stadig meir etterspurd og er eit effektivt verkemiddel for å hente ut meir menneskelege ressursar i bedrifta, seier Jan Spurkeland. Tidlegare har han jobba som leiar i Statoil, men hoppa av utan paraply, i følgje han sjølv, for snart ti år sidan. Då starta han sitt eige selskap innan coaching, og har sidan hatt ordeboka full. No har han faktisk fått så mykje å gjere at han må knyte til seg fleire personar for å rekke over alt.

### Lytte til dei tilsette

- Grunnstammen i relasjonsleiing er først å fremst ein open dialog med dei tilsette. Mange leiarar er litt for snare til å kome med konkluderande utsegn utan å høyre på sine tilsette, understrekar Spurkeland som har vore involvert i fleire større bedrifter

for å lære sjefane og bli betre sjefar.

- Eidsiva energi, Colour Line og Sparebanken Sogn og Fjordane er eksempel på bedrifter som har køyrd alle sine leiarar gjennom coachingkurs. Tilbakemeldinga frå tildømes Colour Line er at dei har fått ein heilt ny og mykje betre bedriftskultur. Den opne dialogen har ført til betre trivsel og større motivasjon på arbeidsplassen, påpeikar Spurkeland. Han kan også vise til at talet på sjukmeldingar har gått ned ved bedrifter der relasjonsleiing har stått på dagsorden.

### Færre sjuke

- Kanskje den mest målbare gevinsten for fleire bedrifter er at talet på sjukmeldingar har gått ned. Auka trivsel fører til større tilknytning og motivasjon til å stå på, seier Spurkeland og understreka at kurset på Nordfjordeid først og fremst er eit praktisk kurs der øvingar i samtale er viktig.

- På kurset vil ein få lære konkrete teknikkar som kan nyttast i ein meir open dialog med sine tilsette. Dette er metodar ein kan med seg direkte tilbake til eigen arbeidsplass, seier Spurkeland.

### Heile landet

Spurkeland har heile Norge som sitt arbeidsområde når han held kurs i coaching og relasjonsleiing.

- Eg er stadig på reisefot og coaching er ein metode som stadig fleire bedrifter grip tak i. Etter at eg starta opp for snart ti år sidan og det også blitt stadig fleire aktørar på marknaden. Coaching er ein ny måte å tenkje bedriftsutvikling på som er med på å utvikle det moderne næringslivet, påpeikar Spurkeland som også har skrive fleire bøker om emnet.

- Det heile starta faktisk med at eg skreiv ei bok om relasjonsleiing, med erfaringar frå Statoil. Den boka fekk mykje merksemd og eg blei spurd om å halde føredrag. Etter det starta eg mitt eige coachingselskap med berre meg sjølv som tilsett. No har eg så mykje å gjere at eg rekk ikkje over alt åleine lenger, seier Spurkeland.

### Høgskulen i Akershus

Kurset i coaching og relasjonsleiing på Nordfjordeid blir arrangert i samarbeid med Høgskulen i Akershus, som har denne utdanninga i sitt studietilbod. Det er Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane som arrangerer kurset som er universitetsutdanning og gjev 15 studiepoeng. Jan Spurkeland kjem til Nordfjordeid for å halde kurs i byrjinga av mai. Dei andre førelesarane på coachingkurset er Per Jacob Evjen frå Larvik, Kari Skjaker frå Hønefoss, Marit Hartviksen frå Drammen og Tove Rygg, avdelingsdirektør i NAV arbeidslivssenter Sogn og Fjordane. Per Jacob Evjen har mange års erfaring som førelesar innan coaching og relasjonsleiing, han er også Folkeuniversitetet sin fagansvarlege innanfor coaching og veiledning. Marit Hartviksen er høgskulerektor ved Høgskulen i Akershus og er mykje nytta førlesar innan konflikt og konflikthandtering. Kari Skjaker driv sitt eige firma innan leiing, karriereveiledning og coaching.

### INGER TRÆEN

journalist@fjordabladet.no  
Direkte telefon: 57 88 53 17



Jan Spurkeland er ein ettertrakta førelesar innan coaching. Til våren vil han halde kurs for leitarar på Nordfjordeid.

## Temasider: Heim & fritid

Etter ein lang og fin sommar er hausten komen og det er tid for oppussing og vedlikehald både ute og inne.

Har du produkt til hus, hage eller hytte?

Prøv ei annonse på våre temasider 9. oktober.

Annonsefrist: 2. oktober.

Kontakt oss:  
Ragnhild tlf. 57 84 90 26  
Therese tlf. 57 84 90 27

**Nordfjord samkøyringa**

Fjordenes Tidende - Firda Tidend - Fjordabladet - Fjordingen

## Forkurs i Hornindal

I samband med oppstart av coachingkurset på Nordfjordeid blir det eit forkurs i Hornindal onsdag 14. oktober. Då vil ein få ei innføring i coachingfaget. Føremålet med forkurset er først og fremst å gje deltakarane informasjon om kva hovudstudiet handlar om. Men ein kan også hente tips og idear til korleis ein kan nytte faget i sitt daglege arbeid. Dei som berre vil vere med på forkurset kan også ha noko å hente. Det same forkurset blir arrangert i Måløy tysdag 13. oktober.